

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo



Møre og Romsdal fylke
FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 17680/2006/	Toril Eliassen Rusten, 71 25 87 12	22.09.2006

Endringar i vallova - høyring

Høyningsnotat om endringar i vallova vart behandla av Møre og Romsdal fylkesutval i møte 18. september 2006 under sak U-131/06. Fylkesutvalet gjorde følgjande samråystes vedtak:

"Møre og Romsdal fylke sluttar seg til dei framlegg til endringar i vallova som går fram av Kommunal- og regionaldepartementet sitt høyringssbrev av 20. juni 2006.

I tillegg ønskjer Møre og Romsdal fylke å halde på skjæringsdatoen på 31. mai og ønskjer ikkje innskrenking i media si rolle dei siste dagane før valdagen.

Fylkesutvalet vil understreke at det bør bli satsa på å utvikle elektroniske valløysingar som kan garantere tilfredsstillande tryggleik for veljarane. Det langsiktige målet med dette arbeidet bør vere at elektronisk stemmegiving kan bli gjennomført utanfor rammene av eit vallokale. Fylkesutvalet meiner at staten i samarbeid med kommunane må spele ei aktiv rolle på dette området med sikte på å utvikle sikre og brukarvennleg valteknologiske løysingar."

- ./. Kopi av saksframlegget og utskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing

Jon Aaser
fylkesordførar

Toril Eliassen Rusten
førstesekretær

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
07.09.2006	MR 16577/2006	Gudmund Lode

Saksnr	Utval	Møtedato
U-131/06	Fylkesutvalet	18.09.2006

Endringar i vallova - høyring

Kommunaldepartementet har i brev av 20. juni d.å. sendt ut eit høyringsnotat vedk. framlegg til endringar i vallova. Endringane er lista opp i brevet Del A i 8 punkt og Del B i 2 punkt. Høyringsbrevet og høyringsnotatet følgjer saka som prenta vedlegg.

Fylkesdirektøren for sin del har ikkje merknader til dei føreslåtte endringane, og finn heller ikkje grunn til å gje merknad til spørsmåla under Del B.

Forslag til vedtak:

Møre og Romsdal fylke sluttar seg til dei framlegg til endringar i vallova som går fram av KRS's høyringsbrev av 20. juni 2006.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesdirektør

Gudmund Lode
juridisk sjef

U 131-06 Endringar i vallova - høyring

Behandling i Fylkesutvalet - 18.09.2006

Svein Atle Roseth fremma følgjande framlegg:

I tillegg ønskjer Møre og Romsdla fylke å halde på skjæringsdatoen på 31. mai og ønskjer ikkje innskrenking i media si rolle dei siste dagane før valdagen.

Asbjørn Rutgerson fremma følgjande framlegg:

Fylkesutvalet vil understreke at det bør bli satsa på å utvikle elektroniske val-løysingar som kan garantere tilfredsstillande tryggleik for veljarane. Det lang-siktige målet med dette arbeidet bør vere at elektronisk stemmegiving kan bli gjennomført utanfor rammene av eit vallokale. Fylkesutvalet meiner at staten i samarbeid med kommunane må spele ei aktiv rolle på dette området med sikte på å utvikle sikre og brukarvennleg valteknologiske løysingar.

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 18.09.2006

Møre og Romsdal fylke sluttar seg til dei framlegg til endringar i vallova som går fram av Kommunal- og regionaldepartementet sitt høyningsbrev av 20. juni 2006.

I tillegg ønskjer Møre og Romsdal fylke å halde på skjæringsdatoen på 31. mai og ønskjer ikkje innskrenking i media si rolle dei siste dagane før valdagen.

Fylkesutvalet vil understreke at det bør bli satsa på å utvikle elektroniske val-løysingar som kan garantere tilfredsstillande tryggleik for veljarane. Det lang-siktige målet med dette arbeidet bør vere at elektronisk stemmegiving kan bli gjennomført utanfor rammene av eit vallokale. Fylkesutvalet meiner at staten i samarbeid med kommunane må spele ei aktiv rolle på dette området med sikte på å utvikle sikre og brukarvennleg valteknologiske løysingar.